

Meland kommune

Byggesaksavdelinga v/ Marianne Sandvik

Frekhaug

Ulset 23.10.2019

Vegutløysing for GBnr 1/399 på Flatøy


Frå prosjektleder Kurt Terje Sjursen i Delta Boligprosjektering har me fått tilsendt nabovarsel og sakspairer som gjeld prosjekt for vegutløysing for GBnr 1/399, eigarar Mette og Inge Østergaard. Saka skulle vera velkjend frå tidlegare sakshandsaming i kommunen.

Prosjektet Sjursen presenterar *avvik* ein del frå det opprinnelege prosjektet Østergaard presenterte. Etter vår meining er det også ei dårlegare løysing. Me har levert vår merknad til saka til prosjektleiar, jf vedlegg.

Parallelet med dette får me frå Østergaard sin advokat tilbod («ultimatum») om å selja den delen av vår eigedom der vegen er planlagd. Grunnlag for dette tilbodet er det *opprinnelege* prosjektet (kopi av «tilbodet» er vedlagt). Tilsvarande «tilbod» er motteke i fleire omgangar, med varierende pris på arealet. Me har *ikkje* på noko tidspunkt *avvist* det opprinnelege prosjektet. Men me har avvist salg av del av vår eigedom i rekomandert brev 26. august. Østergaard har ikkje teke direkte kontakt for å drøfta saka.

Det finnst altså *to ulike prosjekt*. Det gjer det vanskeleg å vita kva ein eigentleg skal forhalda seg til. På bakgrunn av dette bed me om at *formell handsaming* av vegprosjektet *ikkje vert sett i gong* før det kjem ei avklåring frå Østergaard eller hans advokat.

Mvh


Henrik Brigtson / eigar av naboeigedom, GBnr 1/403

Medeigar Berit Hoffstad er bortreist. Eg har fullmakt frå henne i denne saka.